

Bautasteinen som står ved kyrkja i Gransherad, kjem frå Rue. Den er funnen like ned for Guto (der det står eit kryss på kartet). Halvparten ligg att. Den blei ført ned på vinterføre.  
(Torbjørg Oterbekk)

I Rue har det ein gong vore eit mord. Ein mann stod i døra og ropa inn til mat. Då blei han skoten. Han datt framover hella. Denne hella ligg bak huset , og det fins to rustflekkar på hella som dei meiner er blod etter denne mannen.  
(Torbjørg Oterbekk)

Takhol.

Ved vegen i Petar var ein stule som heitte Takhol. Det var like ovanfor deilet mellom Rueseiga og Venåseiga. Der var det så uroleg at dei måtte flytte stulen til Russjølju.